



Innkalling  
av  
Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)

**Møtedato:** 28.11.2022  
**Møtestad:** Digitalt møte via Teams  
**Møtetid:** kl.18:30 - 19:30

Eventuelle forfall må meldast til utvalsleiar

*Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.*

**Sakliste**

| <b>Saknr</b> | <b>Tittel</b>  |
|--------------|--|
| 023/22       | Godkjenning av innkalling og sakliste                                    |
| 024/22       | Godkjenning av møtebok   |
| 025/22       | Val av representant oppnemnd av vertskommunen til styret på privatskular |
| 026/22       | Val av valstyret for resterande kommunevalsperiode                       |
| 027/22       | Valg av rådgjevande organ til frivilligsentral                           |
| 028/22       | Suppleringsval til formannskapet   |

23. november 2022

Turid Bjørndal Njåstad  
Utvallsleiar

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval  | Type | Dato       |
|--------|--|------|------------|
| 023/22 | Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd) | PS   | 28.11.2022 |

| Saksbehandlar   | ArkivsakID |
|-----------------|------------|
| Runar Ludvigsen | 22/3645    |

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval  | Type | Dato       |
|--------|--|------|------------|
| 024/22 | Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd) | PS   | 28.11.2022 |

| Saksbehandlar   | ArkivsakID |
|-----------------|------------|
| Runar Ludvigsen | 22/3645    |

## Godkjenning av møtebok

### Vedlegg:

Protokoll - Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd) - 03.10.2022

Møteprotokoll frå vert godkjend.

### Saksopplysningar:

Møteprotokoll er send ut til godkjenning.

# Møteprotokoll

## for

### Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)

**Møtedato:** 03.10.2022  
**Møtestad:** Digitalt møte  
**Møtetid:** kl. 19:30 - 20:30

| Frammøtte medlemmer              | Parti | Rolle       |
|----------------------------------|-------|-------------|
| Berit Moslett Borge              | H     | Medlem      |
| Jarle Skeidsvoll                 | KRF   | Nestleiar   |
| Kjersti Ingolvsdotter<br>Vevatne | V     | Medlem      |
| Rita Aud Tveiten                 | AP    | Medlem      |
| Roald Åge Kleppe                 | SV    | Medlem      |
| Silje Midtbø Vevle               | MDG   | Medlem      |
| Turid Bjørndal Njåstad           | SP    | Utvalsleiar |

| Forfall meldt frå medlem | Parti | Rolle  |
|--------------------------|-------|--------|
| Ragnar Tyssebotn         | FRP   | Medlem |

---

---

## Sakliste

| <b>Saknr</b> | <b>Tittel</b>   |
|--------------|---|
| 017/22       | Godkjenning av innkalling og sakliste   |
| 018/22       | Godkjenning av møtebok  |
| 019/22       | Referansegruppe til moglegstudie av Osterøyhallen: ENØK, renovering og utviding |
| 020/22       | Suppleringsval til formannskapet  |
| 021/22       | Suppleringsval til formannskapet og plan- og kommunalteknisk utval              |
| 022/22       | Suppleringsval til formannskapet  |

**017/22: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**03.10.2022 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)**

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

**VN - 017/22 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

**018/22: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå vert godkjend.

**03.10.2022 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)**

Det var ingen merknader til møtebok

**VN - 018/22 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå 29.08.2022 vert godkjend.

---

**019/22: Referansegruppe til moglegstudie av Osterøyhallen: ENØK, renovering og utviding**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen gir ikkje framlegg til vedtak i valsaker

**03.10.2022 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)**

Utvalsleiaren gjorde slikt framlegg:

"Valnemnda innstiller på følgjande medlemmar/varamedlemmar:

Medlemmar:

Tore Johan Langeland

Victoria M Hanstveit

Varamedlemmar:  
Helge Olav Rolland  
Ragnhild Balsvik"

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**VN - 019/22 VEDTAK:**

Valnemnda innstiller på følgjande medlemmar/varamedlemmar:

Medlemmar:  
Tore Johan Langeland  
Victoria M Hanstveit

Varamedlemmar:  
Helge Olav Rolland  
Ragnhild Balsvik

**12.10.2022 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**

Valnemnda sin innstilling vert samrøystes vedteke

**FS - 085/22 VEDTAK:**

Formannskapet vedtek følgjande medlemmar/varamedlemmar:

Medlemmar:  
Tore Johan Langeland  
Victoria M Hanstveit

Varamedlemmar:  
Helge Olav Rolland  
Ragnhild Balsvik

---

**020/22: Suppleringsval til formannskapet**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen gir ikkje framlegg til vedtak i valsaker**

**03.10.2022 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)**

Utvalsleiaren gjorde slikt framlegg:  
"Ny vara vert Silje M Veve"

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**VN - 020/22 VEDTAK:**

Ny vara vert Silje M Vevle

**19.10.2022 HERADSSTYRET**

Framlegg og voteringar i saka kjem fram i voteringsprotokoll som ligg vedlagt nedst i den samla møteprotokollen

**HS - 097/22 VEDTAK:**

Fellesliste frå KRF, V og MDG til formannskapet:

Fast medlem: Jarle Skeidsvoll, KRF

Vara:

1. Kjersti I. Vevatne, V
2. Bjarte Aarland, KRF
3. Kari L. Mjøs, KRF
4. Silje Midtbø Vevle, MDG

---

**021/22: Suppleringsval til formannskapet og plan- og kommunalteknisk utval**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen gir ikkje framlegg til vedtak i valsaker**

**03.10.2022 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)**

Utvalsleiaren gjorde slikt framlegg:

"Nytt medlem i formannskap vert Siren Tyssebotn.

Ny vara til plan- kommunalteknisk vert Ragnar Tyssebotn"

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**VN - 021/22 VEDTAK:**

Nytt medlem i formannskap vert Siren Tyssebotn.

Ny vara til plan- kommunalteknisk vert Ragnar Tyssebotn.



## **19.10.2022 HERADSSTYRET**

**Korrigering av vedtak som vert røysta over og referert til i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen:**

Framlegget som vert sett fram av Ragnar Tyssebotn, FRP, i møte var slik: "Siren Tyssebotn går inn som fast medlem i formannskapet og som vara til valstyret.

Ragnar Tyssebotn vert 1.vara til Plan- og kommunalteknik utval.

Kim Andre Hartveit vert supplert som vara til formannskapet og Plan- og kommunalteknisk utval."

### **HS - 098/22 VEDTAK:**

**Siren Tyssebotn går inn som fast medlem i formannskapet og som vara til valstyret.**

**Ragnar Tyssebotn vert 1.vara til Plan- og kommunalteknik utval.**

**Kim Andre Hartveit vert supplert som vara til formannskapet og Plan- og kommunalteknisk utval."**

---

## **022/22: Suppleringsval til formannskapet**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen gir ikkje framlegg til vedtak i valsaker**

## **03.10.2022 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)**

Utvalsleiaren gjorde slikt framlegg:

"Nytt medlem vert Berit Moslett Borge"

### **VN - 022/22 VEDTAK:**

Nytt medlem vert Berit Moslett Borge

## **19.10.2022 HERADSSTYRET**

Framlegg og voteringar i saka kjem fram i voteringsprotokoll som ligg vedlagt nedst i den samla møteprotokollen

### **HS - 096/22 VEDTAK:**

Nytt medlem vert Berit Moslett Borge

Varalista til formannskap frå Ap, H, SV og SP vert slik:

1. Jørgen Varden, Ap
2. Johannes Haugland, Sp
3. Roald Åge Kleppe, Sv
4. Øyvind Litland, Ap
5. Frode Flesland, Sp

6. Roy Jensen, Sv
7. Aksel Mjøøs, H
8. Asgeir Presttun, Sp

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalsleiar vart desse valde: Silje M. Vevle og Jarle Skeidsvoll

Lonevåg, 03.10.2022

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval  | Type | Dato       |
|--------|--|------|------------|
| 025/22 | Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd) | PS   | 28.11.2022 |
|        | Heradsstyret                                       | PS   |            |

| Saksbehandlar     | ArkivsakID |
|-------------------|------------|
| Olaf Michal Hella | 22/3277    |

## Val av representant oppnemnd av vertskommunen til styret på privatskular

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd) får mynde til å velje ein representant frå heradsstyret for Osterøy kommune i kvart styre:

- Hamre grendaskule
- Hjellvik Montessoriskule
- Hosanger Montessoriskule
- Danielsen Ungdomsskule Osterøy

Representanten vert vald for eit år, fram til 31. oktober 2023, men vil frå valet i 2023 følgje kommuneval-perioden på lik line som representantane til samarbeidsutvala ved dei kommunale skulane.

## Saksopplysningar:

### Saksopplysningar:

I Osterøy har leiar for skule vore oppnemnd som vertskommunen sin representant i styret på private skular. Sidan Osterøy kommune har tre private barneskular og ein privat ungdomsskule er det ein del møte leiaren skal møte på. Styret i privatskulane har møtefrekvens på 5-10 møte i året og møta går på kveldstid. Det vil ta uforholdsmessig mykje av leiarressursen om leiar for skule deltek på møta.

Samtidig er Osterøy kommune pliktig å ha ein representant slik at kommunen er orientert om arbeidet med skulen. Det er difor ønskjeleg at valnemnda peikar ut representant frå Heradsstyret for Osterøy kommune til:

- Hamre grendaskule
- Hjellvik Montessoriskule
- Hosanger Montessoriskule
- Danielsen Ungdomsskule Osterøy

## Bakgrunn

Lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova) seier:

### § 5-1. Styret

*Som øvste ansvarlege organ skal kvar skole ha eit styre. Skolen sitt styre skal oppnemnst i samsvar med det rettsgrunnlaget skolen blir driven etter.*

Rett til å vere til stades på møte i styret, til å seie meininga si og få denne tilført protokollen, har:

- a. **ein representant oppnemnd av vertskommunen når det gjeld ein grunnskole, ein representant oppnemnd av fylkeskommunen når det gjeld ein vidaregåande skole,**
- b. ein representant for elevrådet ved skolar som har slikt råd,
- c. ein representant frå foreldrerådet ved skolar som har slikt råd,
- d. ein representant for undervisningspersonalet ved skolen,
- e. ein representant for andre tilsette ved skolen,
- f. dagleg leiar av skolen.

Departementet kan i særskilde tilfelle og etter søknad gjere unntak frå andre ledd.

Ved handsaming av saker der det gjeld teieplikt etter lov og forskrift, skal styret sørge for at personar med møterett som er under aldersgrensa for å vere myndige, må forlate møtet.

Ved dei kommunale skulane er samarbeidsutvalet heimla i opplæringslova § 11-1. Samarbeidsutval ved grunnskolar:

*«Ved kvar grunnskole skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen. Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter, blir behandla i samarbeidsutvalet.*

### **Vurdering**

Osterøy kommune har rett til å møte i styret etter privatskulelova §5-1. Representanten skal både representere vertskommunen og gje informasjon tilbake til kommunen som er relevant. Det er difor naudsynt å peike ut representant til styret på dei ulike skulane.

Ved å velje ein kommunal representant til styret i privatskulane vil kommunen behandle alle skulane likeverdig.

### **Konklusjon**

Valnemnda peikar ut ein representant frå heradsstyret for Osterøy kommune til styret på:

- Hamre grendaskule
- Hjellvik Montessoriskule
- Hosanger Montessoriskule
- Danielsen Ungdomsskule Osterøy

Saka vert sendt til formannskapet med innstilling til heradsstyret

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval  | Type | Dato       |
|--------|--|------|------------|
| 026/22 | Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd) | PS   | 28.11.2022 |
|        | Heradsstyret                                       | PS   |            |

| Saksbehandlar   | ArkivsakID |
|-----------------|------------|
| Runar Ludvigsen | 22/3428    |

## Val av valstyret for resterande kommunevalsperiode

### Vedlegg:

Valstyre for perioden 2019-2023 - val av medlemmer og varamedlemmer  
**Rådmannen gir ikkje framlegg i valsaker**

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

Tone Mjelde søkte om fritak frå sin rolle som folkevald for SV og fekk dette innvilga av heradsstyret den 14.09.2022. Ho var medlem av formannskapet og derav også medlem av valstyret.

HS vedtak 78/19:

«Medlemmer og varamedlemmer i valstyret: Ordførar Lars Fjeldstad, leiar, varaordførar Hjalti H. Gislason, nestleiar, Rita Tveiten, AP, Tone Mjelde, SV, Ragnar J. Tyssebotn, FRP. Varamedlemmer: 1. Johannes Bysheim, AP, 2. Jarle Skeidsvoll, KRF, 3. Ellinor Birkeland, FRP og 4. Turid B. Njåstad, SP.»

Det står ikkje i HS vedtaket av 2019 at formannskapet er valstyret, men ein kan sjå av samansettinga at alle dei faste medlemmene av formannskapet for same periode er valt inn som medlemmer og varamedlemmer til valstyret.

Formannskapet har no ein ny samansetting. Ellinor T. Birkeland og Tone Mjelde er ikkje lenger folkevalde i Osterøy kommune og er difor ikkje lenger med. Høvevis er dei erstatta av Siren Tyssebotn og Berit M. Borge. Valstyret må difor supplerast eller veljast på nytt.

### Bakgrunn

Etter vallova skal kvar kommune ha eit valstyre vald av kommunestyret sjølv, jf. Vallova § 4-1. Valstyret skal veljast etter reglane i kommunelova, og reglane om minst 40% representasjon av begge kjønn gjeld.

### Lovgrunnlag:

jf. Kommunelova § 7-5 (høvetalsval), andre ledd:

«Hvis det skal velges fire medlemmer eller flere, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent blant de foreslåtte kandidatene på den enkelte listen. Hvis det skal velges to eller tre medlemmer, skal begge kjønn være representert. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare skal bestå av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal reglene i dette leddet følges så langt det er mulig.»

Jf. Kommunelova § 7-6 (høvetalsval), tredje ledd:

«Hvis en liste får minst fire medlemmer i organet, skal hvert kjønn være representert med

minst 40 prosent fra listen. Får listen tre eller færre medlemmer i organet, skal begge kjønn være representert fra listen. Viser det seg at utpekingen etter andre ledd vil føre til at kravene i første eller andre punktum ikke blir oppfylt, skal kandidater fra det underrepresenterte kjønn rykke opp på listen inntil kravet er oppfylt.»

jf. KommuneLOVA § 7-6 (høvetalsval), femte ledd:

«Hver liste skal tildeles varamedlemmer. Så langt det er mulig, skal det være to flere varamedlemmer enn faste medlemmer. Varamedlemsplassene fordeles i samsvar med andre og tredje ledd.»

jf. KommuneLOVA § 7-7 (avtaleval), tredje ledd:

«Hvis organet skal bestå av minst fire medlemmer, skal hvert kjønn være representert i organet med minst 40 prosent. Skal organet bestå av tre eller færre medlemmer, skal begge kjønn være representert i organet. Viser det seg at et valg etter andre ledd vil føre til at kravene i første eller andre punktum ikke blir oppfylt, skal det nødvendige antallet kandidater fra det underrepresenterte kjønn settes inn for å oppfylle kravet. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare skal bestå av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal reglene i dette leddet følges så langt det er mulig.»

Jf. KommuneLOVA § 7-7 (avtaleval), fjerde ledd:

«Når varamedlemmer skal velges, skal framgangsmåten i tredje ledd følges.»

I tillegg til det loven seier gjer ein i denne samanheng merksam på uttale frå KS-advokatane, datert 18.10.2022, i spørsmål til kjønnsbalanse ved val:

«Når det gjelder valgstyret, blir spørsmålet om "mulig" annerledes [enn ved valg av formannskap]. Siden loven ikke krever at valgstyret velges blant kommunestyrets medlemmer, legges det til grunn at det vil være "mulig" å velge en kandidat fra det underrepresenterte kjønn. Man må altså finne en valgbar kandidat, og man er altså ikke rettslig begrenset til å velge noen fra formannskapet eller kommunestyret. Her går loven foran eventuelle lokale ønsker om å ha det samme persongalleriet i formannskapet og valgstyret.

Det følger av § 7-6 femte ledd at reglene om kjønnsmessig balanse også gjelder for varamedlemsplasser. Her kan mulighetsbegrensningen komme inn, se § 7-6 fjerde ledd, når det gjelder formannskap (men ikke utvalg). Så langt jeg har forstått disse reglene, må det være kjønnsbalanse både blant de faste medlemmene og blant varamedlemmene. Man slår altså ikke disse sammen i en slags totalberegning.»

### **Vurdering**

Heradsstyret må erstatte Tone Mjelde som fast medlem av valstyret. Ellinor T. Birkeland, tidlegare varamedlem til valstyret, er allereie erstatta av Siren Tyssebotn jf. HS vedtak 098/22.

Medlemmene av valstyret er i dag:

1. Ordfører, Lars Fjeldstad, SP
2. Varaordfører Hjalti H. Gislason, H
3. Rita A. Tveiten, AP
4. Ragnar Tyssebotn, FRP

Varamedlemmer av valstyret er i dag:

1. Alexander Thunestvedt, AP
2. Jarle Skeidsvoll, KRF

3. Siren Tyssebotn, FRP
4. Turid B. Njåstad, SP

Når det gjeldt supplerer så er det normalt at ein supplerer frå botn av lista og at resterande får opprykk. I tilfellet med valstyret er det ikkje heilt «nøytralt» å supplere frå botn av lista då dei ulike varamedlemmene tilhøyrer kvart sitt parti. I tilfellet med Alexander Thunestvedt, AP, som erstatta Johannes M. Bysheim, AP, tidlegare i perioden gjekk han difor ikkje inn på botn av lista, men erstatta Bysheim direkte som 1.vara. Same er no teken utgangspunkt med Siren Tyssebotn, som erstattar Ellinor T. Birkeland. Siren Tyssebotn går difor inn som direkte erstattar som 3.vara.

Når saka no kjem opp som ein eige sak har heradsstyret sjølv sagt moglegheita til å endre på dette og bestemme ein anna rekkefølge og/eller praksis.

Dersom ein skal følgje formannskapet sin samansetting:

- manglar Berit M. Borge, H, som medlem av valstyret. Ho er medlem av formannskapet.
- manglar 1 medlem. Valstyret er berre 8 medlemmar/varamedlemmar pr i dag.

I dag, etter uttreden av Tone Mjelde, er det 25/75 kjønnsbalanse blant dei faste medlemmene i valstyret og det såleis eit ulovleg mindretal av kvinner. Det må som vist i lov over vere minimum 40% kjønnsrepresentasjon i eit organ med minimum 4 personar. Det er i dag 50/50 kjønnsbalanse blant dei 4 varamedlemmene.

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram for valnemnd for handsaming og innstilling til heradsstyret.

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval        | Type | Dato       |
|--------|--------------|------|------------|
| 003/19 | Valnemnd     | PS   | 25.11.2019 |
| 078/19 | Heradsstyret | PS   | 27.11.2019 |

| Saksbehandlar         | ArkivsakID |
|-----------------------|------------|
| Marie Koksvik Thorsen | 19/2618    |

## Valstyre for perioden 2019-2023 - val av medlemmer og varamedlemmer

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

For perioden 2019-2023 vert det vald .... medlemmer med varamedlemmer til valstyret. Desse vert valde: .....

Leiar:

Nestleiar:

Mynde til å velja medlemmer, varamedlemmer, leiar og nestleiar i røystestyra vert delegert til valstyret. Delegeringsvedtaket gjeld for heile valperioden.

### Heradsstyret - 078/19

#### HS - behandling:

Johannes M. Bysheim, AP, gjorde på vegner av arbeidsutvalet for innstilling i valsaker slikt framlegg framlegg: "Ordførar Lars Fjeldstad, leiar, varaordførar Hjalti H. Gislason, nestleiar, Rita Tveiten, AP, Tone Mjelde, SV, Ragnar J. Tyssebotn, FRP. Varamedlemmer: 1. Johannes Bysheim, AP, 2. Jarle Skeidsvoll, KRF, 3. Ellinor Birkeland, FRP og 4. Turid B. Njåstad, SP.

#### AVRØYSTING

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### HS - vedtak:

Medlemmer og varamedlemmer i valstyret:

"Ordførar Lars Fjeldstad, leiar, varaordførar Hjalti H. Gislason, nestleiar, Rita Tveiten, AP, Tone Mjelde, SV, Ragnar J. Tyssebotn, FRP. Varamedlemmer: 1. Johannes Bysheim, AP, 2. Jarle Skeidsvoll, KRF, 3. Ellinor Birkeland, FRP og 4. Turid B. Njåstad, SP.

#### Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Etter vallova skal kvar kommune ha eit valstyre vald av kommunestyret sjølv, jf. *valgloven* § 4-1. Valstyret skal veljast etter reglane i kommunelova, og reglane om minst 40% representasjon av begge kjønn gjeld. Valet gjeld for heile perioden og det har vore praksis å velja medlemmer og varamedlemmer frå formannskapet.



Det må veljast medlemmer, varamedlemmer, leiar og nestleiar. Kommunestyret fastset sjølv talet på medlemmer. Valet foregår etter dei vanlege reglane i kommunelova. Valstyret har mellom anna mynde til å føreta nytt valoppgjerd dersom søknader om fritak eller andre grunnar gjer dette naudsynt i valperioden.

Valstyret vil få ansvar både for stortingsvalet 2021 og kommunestyrevalet 2023.

Ved sist val vart det vald slike medlemmer og varamedlemmer til valstyret:

#### Medlemmer

Jarle Skeidsvoll, ordførar, leiar  
Alf Terje Mortensen, varaordførar, nestleiar  
Berit Moslett Borge, H  
Johannes Bysheim, AP  
Kjersti Vevatne, V

#### Varamedlemmer

1. Johannes Haugland, SP
2. Rita Tveiten, AP
3. Jon Flydal Blichfledt, MDG
4. Hjalti Gislason, H
5. Annbjørg Bysheim Herland, KRF

Lenkje til *valgloven*: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-28-57?q=valglov>

#### **Vurdering**

Rådmannen rår til at mynde til å velja røystestyre vert delegert til valstyret, og har elles ikkje merknader til saka.

Folkehelse – ikkje vurdert i saka.

Miljø – ikkje vurdert i saka.

Økonomi – ikkje vurdert i saka.

#### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram for valnemnda for innstilling til heradsstyret.

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval  | Type | Dato       |
|--------|--|------|------------|
| 027/22 | Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd) | PS   | 28.11.2022 |

| Saksbehandlar              | ArkivsakID |
|----------------------------|------------|
| Linda Judith Svidal Nordås | 22/3522    |

## Valg av rådgjevande organ til frivilligsentral

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Arbeidsutval for innstilling i valsaker legg fram forslag til rådgjevande organ for frivilligsentral.**

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

I Forskrift til frivilligsentral, § 7, står det at: (Frivilligsentralen skal) ha et rådgivende organ som kan påvirke driften av frivilligsentralen, der frivilligheten er representert.

Rådmannen foreslår at det rådgjevande organet i Osterøy kommune bør bestå av maks 7 medlemmer, inkludert administrativt tilsette. Vidare vurderer rådmannen at ein bør ha representanter frå kulturlivet, idretten og frå helselagene. Rådmannen anbefaler at rådet har representanter frå alle aldersspenn og begge kjønn.

Rådmannen anbefaler at Leiar for Osterøy bibliotek er koordinator for rådet.

### Bakgrunn

Osterøy kommune skal opprette frivilligsentral. Det er eit lovkrav, for å få tilskot, at sentralen har eit rådgjevande organ der frivilligheten er representert.

### Vurdering

Arbeidsutval for innstilling i valsaker legg fram forslag til rådgjevande organ for frivilligsentral til vedtak i Herradsstyret.

Folkehelse:

Miljø:

Økonomi: Medlemmer i rådet vert kompensert med møtegodtgjersle.

### Konklusjon

Arbeidsutval for innstilling i valsaker legg fram forslag til rådgjevande organ for frivilligsentral til vedtak i Herradsstyret.

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval  | Type | Dato       |
|--------|--|------|------------|
| 028/22 | Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd) | PS   | 28.11.2022 |
|        | Heradsstyret                                       | PS   |            |

| Saksbehandlar   | ArkivsakID |
|-----------------|------------|
| Runar Ludvigsen | 22/2463    |

## Suppleringsval til formannskapet Etter Roald Åge Kleppe

### Vedlegg:

Val av medlemmer og varamedlemmer til formannskapet for perioden 2019 - 2023 (1)

### Rådmannen gir ikkje framlegg i valsaker

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

Det er oppdaga ein feil i felleslista/Liste A (AP, SP, SV og H) sin varaliste til formannskapet. Roald Åge Kleppe, SV, kan ikkje vere vara til formannskapet då han er vara til kontrollutvalet, jf. Kommunelova §7-3 tredje ledd bokstav b:

- «Medlemmer og varamedlemmer av kontrollutvalget kan ikke velges som:  
b. medlem eller varamedlem av formannskapet»

Etter den nye kommunelova skal kontrollutvalet veljast først i kommunevalsperioden. Roald Åge Kleppe vert valt inn som vara til formannskapet etter Elin H. B. B. Lona, jf. HS vedtak 077/21.

Roald Åge Kleppe, SV, vert difor tatt ut av varalista til formannskapet, og derav også varalista til administrasjonsutvalet og klagenemnda (etter fvl.). Felleslista sin varaliste vert då for kort, jf. Kommunelova §7-6 femte ledd: «Hver liste skal tildeles varamedlemmer. Så langt det er mulig, skal det være to flere varamedlemmer enn faste medlemmer. Varamedlemsplassene fordeles i samsvar med andre og tredje ledd.»

jf. kommunelova § 7-10, syvende ledd:

«Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjetteste ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter fjerde ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen. Ved suppleringsvalg etter sjetteste ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.»

jf. kommunelova § 7-10, fjerde ledd:

«Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte.»

### Vurdering

Jf. Kommentar 2 og 6 til kommunelova §7-10 fjerde ledd og rundskriv H-4/19 kap. 9.3 avsnitt 3 kan

«gruppa» sjølv velje om dei vil erstatte representanten Kleppe med eit nytt varamedlem frå SV eller om dei vil velje frå eit anna parti. Det må også avgjerast om det skal være opprykk og etterfylling av lista eller direkte erstatning. Opphavleg val av formannskap finn ein i sak 063/19 i heradsstyret den 16.10.2019.

### **Konklusjon**

Saka vert sendt til valnemnd kor gruppa (felleslista: AP, SP, SV og H) sitt. Gruppa sjølv vel nytt varamedlem og avgjer korleis varalista no vert sjåande ut.

Saka vert deretter sendt til heradsstyret for orientering.

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval        | Type | Dato       |
|--------|--------------|------|------------|
| 063/19 | Heradsstyret | PS   | 16.10.2019 |

| Saksbehandlar   | ArkivsakID |
|-----------------|------------|
| Bente Skjerping | 19/2247    |

## Val av medlemmer og varamedlemmer til formannskapet for perioden 2019 - 2023

### Vedlegg:

rundskriv-om-konstituerande-mote-i-kommunestyre-og-fylkest (1)

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gjer ikkje framlegg i saka.

### Heradsstyret - 063/19

#### HS - behandling:

Johannes M. Bysheim, AP, bad om at valet vart halde som høvestalsval.

Ordføraren bad om innlevering av listeframlegg for val av formannskap.

Det vart levert inn slike listeframlegg for val av formannskap:

Frå Senterpartiet, Høgre, Arbeidspartiet og Sosialistisk Venstreparti, Liste A:

1. Lars Fjeldstad, SP, 2. Hjalti Heimir Gislason, H, 3. Rita Tveiten, AP, 4. Johannes Bysheim, AP, 5. Tone Mjelde, SV, 6. Turid Njåstad, SP, 7. Berit Moslett Borge, H, 8. Jørgen Varden, AP, 9. Elin Hege Lona, SV, 10. Johannes Haugland, SP, 11. Ida Marie Tysse, H, 12. Alexander Thunestvedt, AP, 13. Synne Thunestvedt, SV, 14. Berit Ophus, SP, 15. Ole Marius Tysse, H, 16. Evy Bysheim Pedersen, AP, 17. Roy Jenssen, SV, Kjellaug Hartveit, SP

Frå Framstegspartiet, Liste B:

1. Ellinor Therese Birkeland, 2. Ragnar J. Tyssebotn, 3. Henrik Øksnes, 4. Siren Tyssebotn, 5. Alf T. Mortensen, 6. Sigmund A. Faugstad, 7. Kim Andre Hartveit

Frå Kristeleg Folkeparti, Venstre og Miljøpartiet dei Grøne, Liste C:

1. Jarle Skeidsvoll, KRF, 2. Kjersti Vevatne, V, 3. Trude Tomren, MDG, 4. Bjarte Aarland, KRF, 5. Kari L. Mjøs, KRF

Listene vart kopierte og delte ut.

Ordføraren gjorde slikt framlegg: Teljekorps: Sigmund Faugstad, FRP og Kari L. Mjøs, KRF.

#### AVRØYSTING

|                             |   |                 |
|-----------------------------|---|-----------------|
| Liste A for SP, H, AP og SV | - | 15 røystesetlar |
| Liste B for FRP             | - | 7 røystesetlar  |
| Liste C for KRF, V og MDG   | - | 5 røystesetlar  |

Valoppgjerd i samsvar med kommunelova § 7-6:

| Delingstal |    | 1          | 2           | 3         | 4            | 5         | 6           |
|------------|----|------------|-------------|-----------|--------------|-----------|-------------|
| Liste A    | 15 | <b>151</b> | <b>7,52</b> | <b>54</b> | <b>3,756</b> | <b>38</b> | <b>2,59</b> |
| Liste B    | 7  | <b>73</b>  | <b>3,57</b> | 2,3       | 1,75         | 1,4       | 1.16        |
| Liste C    | 5  | <b>55</b>  | 2,5         | 1.6       | 1.25         | 1         | 0,83        |

Liste A: Plass nr. 1, 2, 4, 6, 8 og 9

Liste B: Plass nr. 3 og 7

Liste C: Plass nr. 5

Kvar liste skal ha tildelt like mange varamedlemmer som medlemmer med tillegg av to.

Berre faste medlemmer i heradsstyret kan veljast som medlem/varamedlem i formannskapet, jfr. ny kommunelov § 5-6.

Formannskapet har etter dette slike medlemmer og varamedlemmer:

*Felleslista for SP, H, AP og SV:*

Medlemmer: 1. Lars Fjeldstad, SP, 2. Hjalti H. Gislason, H, 3. Rita Tveiten, AP, 4. Johannes Myklebust Bysheim, AP, 5. Tone Mjelde, SV, 6. Turid B. Njåstad, SP. Varamedlemmer: 1. Berit Moslett Borge, H, 2. Jørgen Varden, AP, 3. Elin Hege Lona, SV, 4. Johannes Haugland, SP.

*FRP:*

Medlemmer: 1. Ellinor Therese Birkeland, 2. Ragnar J. Tyssebotn. Varamedlemmer: 1. Henrik Øksnes, 2. Siren Tyssebotn, 3. Alf Terje Mortensen, 4. Sigmund Arve Faugstad.

*Felleslista for KRF, V og MDG:*

Medlem: 1. Jarle Skeidsvoll, KRF. Varamedlemmer: 1. Kjersti Vevatne, V, 2. Trude Tomren, MDG, 3. Bjarte Aarland, KRF

### **HS - vedtak:**

Heradsstyret har vald slike medlemmer og varamedlemmer i formannskapet for perioden 2019 - 2023:

**Medlemmer: 1. Lars Fjeldstad, SP, 2. Hjalti H. Gislason, H, 3. Rita Tveiten, AP, 4. Johannes Myklebust Bysheim, AP, 5. Tone Mjelde, SV, 6. Turid B. Njåstad, SP. Varamedlemmer: 1. Berit Moslett Borge, H, 2. Jørgen Varden, AP, 3. Elin Hege Lona, SV, 4. Johannes Haugland, SP.**

**Medlemmer: 1. Ellinor Therese Birkeland, FRP, 2. Ragnar J. Tyssebotn, FRP. Varamedlemmer: 1. Henrik Øksnes, FRP, 2. Siren Tyssebotn, FRP, 3. Alf Terje Mortensen, FRP, 4. Sigmund Arve Faugstad, FRP.**

**Medlem: 1. Jarle Skeidsvoll, KRF. Varamedlemmer: 1. Kjersti Vevatne, V, 2. Trude Tomren, MDG, 3. Bjarte Aarland, KRF."**

### **Saksopplysningar:**

**Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

Heradsstyret skal velja medlemmer og varamedlemmer i formannskapet i det konstituerande møtet, jfr. ny kommunelov § 5-6. Formannskapet må ha minimum fem medlemmer og skal veljast for fire år (heile valperioden). Medlemmer og varamedlemmer skal veljast mellom medlemmene i

heradsstyret. Valet vert halde som høvestalsval når minst ein medlem krev det, og elles som avtaleval. I siste perioden har formannskapet hatt 9 medlemmer.

Formannskapet skal gje innstilling til vedtak om økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak. Formannskapet kan få tildelt vedtaksmynde i alle saker som ikkje heradsstyret avgjer sjølv, og ikkje anna følgjer av lov.

### *Avtaleval*

Formannskapet skal veljast ved avtaleval dersom det ikkje vert kravd høvestalsval. Avtaleval krev samrøystes tilslutnad frå heradsstyret både for framlegg til kandidatar og til å ha avtaleval.

Det må leggjast fram ei innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer basert på prinsippet om representasjon i høve til talet på medlemmer i heradsstyret for kvart parti. Innstillinga skal splittast opp, slik at grupper og parti for kvar sine medlemmer og varamedlemmer. Ved avtaleval stiller kommunelova § 7-7, tredje ledd, krav om kjønnsmessig balanse i organet, d.v.s. skal organet ha fire medlemmer eller fleire, skal begge kjønn vera representert med minst 40%. Dette gjeld og for varamedlemmene samla.

### *Høvestalsval*

Valet skjer på grunnlag av på førehand innleverte lister, jfr. ny kommunelov § 7-5. Berre parti eller grupper i heradsstyret kan stilla liste. Kvart parti/gruppering kan berre stilla eitt listeforslag. Kvar liste kan ha inntil dobbelt så mange ulike namn som det skal veljast medlemmer til organet.

Når det skal veljast 4 medlemmer eller fleire til eit utval, skal begge kjønn vera representert med minst 40% på listeframlegget. Ved val til organ som etter lova skal bestå av medlemmer i kommunestyret, skal denne regelen følgjast så langt det er råd. Det same gjeld for varamedlemmene.

Så langt det er mogeleg skal kvar liste tildelast så mange varamedlemmer som ho får medlemmer med tillegg av to, jfr. ny kommunelova § 7-6, siste ledd.

Listeframlegget bør ha ei overskrift som viser kva parti/gruppering som står bak forslaget, og skal vera underskrive av minst ein medlem av partiet/grupperinga som står bak listeframlegget. Ved fellesliste frå fleire parti skal minst ein representant for kvart parti/gruppering skriva under. Berre medlemmer i heradsstyret kan skriva på eit listeframlegg.

Møteleiar er ansvarleg for at dei innleverte listene er i samsvar med lovkrava, og at eventuelle manglar vert retta opp i samråd med dei som står bak listeframlegget før avrøysting.

### *Røysting*

Røysting skjer skriftleg og det er høve til å røysta blankt. Det er ikkje høve til å føra opp kandidatar frå andre lister, og det er heller ikkje lov å stryka kandidatar eller endra rekkjefølgja på kandidatane på lista.

Mandatutrekninga foregår ved å dela røystetalet for kvar liste med 1, 2, 3, 4, 5 osv. Plassane i utvalet blir så fordelt til listene med dei største kvotientane.

Sjå elles meir om rettleiing om val til folkevalde organ i vedlagde Rundskriv H-4/19 frå departementet.

### **Vurdering**

Rådmannen har ikkje merknader til saka.

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram for heradsstyret for val av nytt formannskap.